



Det kjem nok fleire neste gong!

Uskedalen har fått kino att. Nystarten smaker førebels ikkje av suksess, men ein skal heller ikkje vente det i TV-alderen. 8 såg animasjonen Modig i ettermiddag medan det var 20 som hadde gjensyn med den franske Le Havre fredag ettermiddag. Rosendal Filmklubb har flytta til Uskedalen der Oskavert Roy Lervåg er vert i det intime lokalet innerst og tek sikte på kino ein gong i månaden,

Teknist sett var nydebuten ein fulltreffar både med omsyn til lyd og lerret og det er ikkje tvil om at kino i 2016 er noko heilt anna enn i dei såkalla gamle dagar. I alle høve er det eit spennande eksperiment som verten satsar på - mellom mange andre gode og kreative idear.



Merethe Offerdal TVEIT frå Rosendal køyrde film i dag

Le Havre som finnen Aki Kaurismæki er mester for, er ein vakker hyllest til franske filmar i ei tid som vi ikkje opplever meir men den kastar også blikket framover, Modig er teknisk sett ei imponerende oppleving som omfattar både pinsessar, heksar, konger, dronningar og gubbar og hadde fortent eit større publikum også i Uskedalen.

**NO VENTAR VI PÅ NESTE FILMHELG MED SPENNING!**

**Den fyrste kinoen her starta i 1947 og det var eit samarbeid mellom ungdomslaga her, Rosendal og Husnes, Men i 1951 fekk vi eigen kino. Den helt det gåande til 1973**

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen